



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 01.10.2014
Tidspunkt: 13:00 – 16:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jens Harald Abotnes	Leiar	KRF
Hans Solberg	Nestleiar	SP
Elin Dyrseth Liøen	Medlem	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Lena Tveit	Medlem	BY

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Gunnar Husabø	Forvaltningsrevisor Deloitte – heile møtet
Tone Ramsli	Rådmann i PS 21/14
Jan Erik Boge	Stabssjef i PS 23/14
Nina Erdal	Økonomisjef i PS 22/14
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – heile møtet

Før møtet, frå kl. 09.00 – til kl. 12.00, gjennomførte kontrollutvalet bedriftsbesøk hjå AS Storeholmen og Nordheimsund Industri AS i Øystese og Nordheimsund

Jens Harald Abotnes
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 19/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 21/14	Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskapar		2014/397
PS 22/14	Orienteringssak om tilleggsløyvingar 2014 og finansrapport 2. tertial 2014 - den økonomiske situasjonen		2014/231
PS 23/14	Orienteringssak om varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet		2014/234
PS 24/14	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015		2014/230
PS 25/14	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2014/235
PS 26/14	Vidare arbeid med prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon		2014/228
PS 27/14	Meldingar		
RS 9/14	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap		2014/234
RS 10/14	Rekneskapoversyn kontrollutvalet sitt budsjett pr. 24.09.14		2014/230
RS 11/14	Meldingar - referatsaker frå kommunestyremøte 07.05.14		2014/225
RS 12/14	Melding om nytt styrevervregister		2014/237
RS 13/14	Status pr. aug. 2014 etter selskapskontroll Business Region Bergen		2014/227
RS 14/14	Partsbrev vedr. tinging prosjektplan etter plan for selskapskontroll Kvam herad		2014/229
PS 28/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 29/14	Eventuelt		

PS 19/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 20/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 23.04.14.

Vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 23.04.14 vart samrøystes godkjent.

PS 21/14 Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskapar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli orienterte i saka. Det er utarbeida mal for arbeid med prosjektrekneskap, og for nokre få prosjekt er denne nytta. Men det vart og opplyst at det ikkje er kapasitet i administrasjonen til å utarbeida prosjektrekneskapar paralellt med gjennomføring av ulike prosjekta som er starta opp.

Kontrollutvalet peika på at kommunen sitt økonomireglement må følgjast. Utvalet vil etterspørja informasjon om dette vert følgd opp på eit seinare møte. Vedtak i orienteringssaka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. På eit seinare tidspunkt vil utvalet be om vidare orientering om stoda for arbeid med prosjektrekneskapar.

PS 22/14 Orienteringssak om tilleggsløyvingar 2014 og finansrapport 2. tertial 2014 - den økonomiske situasjonen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om finansrapportering for 2. tertial, sak vedr. tilleggsløyvingar 2014 og om utvikling av skatteinngangen i løpet av året. Ut frå informasjonen vart saka drøfta og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 23/14 Orienteringssak om varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Stabssjef Jan Erik Boge orienterte om saka. Som del av arbeid med å kartlegga arbeidsmiljøet er ein nå i ferd med å avslutta medarbeidarundersøking. I etterkant av den vil det bli utarbeida ein handlingsplan som skal leggja grunnlag for arbeidsmiljøtiltak vidare framover. Kontrollutvalet ønskjer å få informasjon om det vidare arbeidet innan dette prosjektet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet.

PS 24/14 Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2015.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015 vart gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet ønskte ikkje å gjera endringar i budsjettframlegget. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2015.

PS 25/14 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Uavhengighetserklæringa vart kort gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til denne, og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

PS 26/14 Vidare arbeid med prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «Intern kontroll og organisering» i Samnanger kommune.
2. Deloitte blir bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar som utvalet har gjeve.
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Gunnar Husabø frå Deloitte innleia med å sei litt kva som kan ligga i begrepet intern kontroll. Kontrollutvalet drøfta saka og kom med synspunkt og innspel til kva som skal vera fokus-områder i prosjektet. Det var semje om at problemstillingar som må reisast vil bygga på dei moment som vart trekt fram då forrige prosjektplan vart utarbeida i november 2012.

Mellom anna meinte kontrollutvalet at det skal leggest vekt på følgjande moment

- Det må vera fokus på internkontroll, system, organisering
- Ansvarsavklaring
- Kapasitet / ressursar, og rett bruk av ressursar
- Kompetanse / rett bruk av kompetanse

Ved gjennomføring av prosjektet ber kontrollutvalet om at det vert teke omsyn til at det er stort arbeidspress hjå administrasjonen, og at ein finn arbeidsmåtar som tek omsyn til dette.

Kontrollutvalet vil at prosjektet skal starte opp så snart som råd, med slutføring på nyåret. Prosjektplanen skal sendast til kontrollutvalet på mail med frist på ei veke til å gje uttale. Deretter får utvalsleiar i samråd med sekretariat fullmakt til å godkjenna prosjektplanen slik at arbeidet kan starte opp. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «Intern kontroll og organisering» i Samnanger kommune.
2. Deloitte blir bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar som utvalet har gjeve.
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

PS 27/14 Meldingar

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Referatsaker vart gjennomgått, kommentert og teke til orientering

Kontrollutvalet merka seg partsbrev vedr. tinging av prosjektplan for selskapskontroll av Storeholmen AS frå kontrollutvalet i Kvam herad. Saka vart drøfta, også ut frå informasjon som kontrollutvalet har motteke på bedriftsbesøket som er gjennomført i forkant av utvalsmøtet i dag. Ein vil avvente med å ta stilling til deltaking i selskapskontrollprosjekt til evt. henvending om dette ligg føre.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene og meldingane til orientering.

PS 28/14 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Protokollar frå andre politiske møter vart gjennomgått og nokre av sakene vart drøfta. Det var ingen saker ein ville be om meir opplysningar om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

PS 29/14 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Det var to saker som vart teke opp under eventuelt:

1. Då rådmann var med i møtet la ho fram for kontrollutvalet ei spørsmålstilling av etisk karakter:
 - Samnanger kommune har motteke tilskotsmidlar som kommunen ikkje er rettmessig mottakar av. Korleis kommunen skal handtera midlane, er teke opp med den aktuelle instansen som har utbetalt tilskotet, både munnleg og skriftleg, utan at løysing på spørsmålet er avklara. Det må avklarast om midlane skal betalast attende, eller om kommunen skal behalda dei.
 - Kontrollutvalet ber om at spørsmålstillinga vert sendt over til Deloitte, og at revisor melder tilbake til kontrollutvalet på eit seinare møte om konklusjon.
2. Møteplan for resten av hausthalvåret vart drøfta. Det vart bestemt at oppsett møtedato 28. oktober går ut. Neste møte i kontrollutvalet vert såleis tysdag 2. desember 2014 kl. 14.00.

Vedtak:

1. Spørsmålstilling om mottekne tilskotsmidlar vert teke opp med Deloitte. Kontrollutvalet vil ha tilbakemelding om kva som vert konklusjon ut frå spørsmålstillinga.
2. Neste møte i kontrollutvalet vert tysdag 2. desember kl. 14.00.